

Til instituttstyret ved IMV (30.09.16)

FRAMLEGG OM NY STILLING INNAN NORDISK MUSIKK

frå Hallgjerd Aksnes, Bjørn Morten Christophersen, Åshild Watne, Asbjørn Eriksen, Øyvind Dybsand, Astrid Kvalbein

Vi viser til invitasjon frå instituttleiar 08.09.16 og vil spele inn eit ønske til revidert stillingsplan om ei stilling ved IMV i musikkhistorie relatert til satsingsområdet UiO i Norden.
<http://www.hf.uio.no/forskning/uo-norden/forskning/index.html>

Vi ser føre oss ein høgt kompetent forskar som kan

- studere nordisk musikk og musikkliv i ein breiare kontekst, i kontakt med den internasjonale forskingsfronten.
- setje nærstudium og analyse av musikk inn i breiare historiske og kulturelle/kulturpolitiske samanhengar.
- utarbeide større, gjerne tverrfaglege, forskingsprosjekt om "det nordiske" i musikk og andre kunst- og kulturuttrykk (litteratur, bildekunst, media etc.).
- utvikle undervisning og ulike samarbeidsprosjekt der tema blir tatt opp på tvers av "nasjonale skolar" og musikalske sjangrar (t. d. "den nordiske tonen", nasjonalisme i musikk, det moderne, musikk og mediekultur etc.)

Bakgrunnen for framlegget er at vi ser ei interesse for Norden i fleire internasjonale forskarmiljø samtidig som mange særdrag ved norsk og nordisk musikkliv berre delvis er utforska. Særleg gjeld dette forholdet mellom musikk og politikk, både i samband med historiske omdreingspunkt som den andre verdskrigen, og spørsmål om på kva måtar kulturpolitiske modellar har lagt grunnlag for at det nordiske musikklivet står relativt sterkt internasjonalt i dag, det vere seg via stjerneproducentar innan populærmusikk, turnerande jazzmusikarar eller samtidsmusikkfestivalen Ultima. Innan kulturpolitisk forskning ser det ut til å vere behov for prosjekt som kan sjå større linjer på tvers av landegrensene i Norden, og om musikk (jf. *Nordisk kulturpolitisk tidsskrift*, publikasjonar frå Telemarksforskning etc.).

Som eit døme på internasjonal interesse for Norden innan musikkhistorie, kan vi vise til at professor Michael Custodis (Universitetet i Mainz) har tatt initiativ til prosjektet "Nordic Music". Resistance, Persecution, Collaboration, and Reintegration in Norway's Music Life (1930-60) – A Systematical Reconstruction' i samarbeid med senter for Griegforskning i Bergen, ved Arnulf Mattes. Søknader om støtte er sendt Noregs Forskningsråd og Deutsche Forschungsgemeinschaft, og studentutvekslingsavtalar, føredragsseriar og tverrfaglege ekspertutval med representantar frå norske og tyske institusjonar er alt sett i gang.

Sentrale internasjonale forskarar som Tomi Mäkelä (Berlin) og Daniel Grimley (Oxford) har også tatt initiativ til konferansar som "Public History und Vermarktung. Methodologie, Ideologie und gesellschaftliche Orientierung der Musikwissenschaft in (und zu) Nordeuropa nach 1945" <http://www.gfm2016.uni-mainz.de/files/2015/08/Details-Mittwoch-14.-September-2016-Wednesday-14-september-2016.pdf> og "Music and the Nordic Breakthrough" <https://nordicbreakthrough.wordpress.com/conference-programme/>

Om institutt for musikkvitenskap ved universitetet i Oslo skal kunne vere med på å utforme nye forskingsprosjekt og aktualisert undervisning om det spesifikke ved nordisk musikk(liv), - historisk og samtidig - trengs etter vårt syn ei styrking av kompetansen på førsteamanuensis-/professornivå, i tillegg til dei to Ph. D.-stillingane som alt er oppretta innan satsingsområdet UiO Norden.